



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT
Kunnskapsministeren

Kommunar

Dykkar ref

Vår ref
200601004-/JPS

Dato
27.03.2008

Om innføring av ei identitetshandsaming basert på Feide i opplæringa

Feide står for Felles Elektronisk Identitet, og arbeidet med Feide starta i høgre utdanning. Ei arbeidsgruppe, oppnemnd av departementet i 2005, der mellom anna Fornyingsdepartementet var representert rådde til at Feide også skulle nyttast i grunnopplæringa. Alle fylkeskommunane tek sikte på å innføre Feide i løpet av 2008.

Samstundes er mange private og statlege leverandørane av digitale tenester i gang med å ta i bruk Feide. I tildelingsbrevet til Utdanningsdirektoratet står det at i den grad direktoratet tilbyr personifiserte tenester som krev pålogging, skal desse tilpassast for bruk av Feide.

Departementet ha gjeve Uninett ABC (URL: <http://www.uninettabc.no/>) eit hovudansvar for å leggje til rette for innføringa av Feide i grunnopplæringa. Dei samarbeider med både Utdanningsdirektoratet og med KS om dette.

Grunnskulane står no for tur. Også dei treng til ei identitetsforvaltning basert på Feide, som

- er i tråd med personopplysningslova
- byggjer på opne standardar, og slik medverkar til auka konkurranse for både kommunar og for private tilbydarar av elektroniske tenester
- gir ein enklare kvardag for både elevar og lærarar med felles pålogging (og avlogging) til ei rad tenester

I tillegg gjev Feide auka handlefridom ved val av IT-løysingar. Det blir mellom anna enklare å velje alternative plattformer for tenester, som til dømes open kjeldekode og å

bytte ut eksisterande tenester og komponentar. Feide forenklar sameksistens mellom open kjeldekode og leverandørspefikke produkt.

Feide skal kunne nyttast saman med den statlege løysinga for eID. Dette er viktig også for å gje foreldra/dei føresette betre høve til å bruke Feide i den digitale samhandlinga med skulen.

Det er fleire kommunar som har starta arbeidet med å innføre Feide. Fleire stader er det allereie i gang samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen, som i Hedmark og Finnmark. Dette er naudsynt om ein skal nå ut til alle dei som ønskjer å innføre Feide. Slikt samarbeid er positivt av mange grunnar. Eg oppmodar difor kommunar om å søkje samarbeid med andre kommunar og gjerne med fylkeskommunen når det er aktuelt å starte arbeidet med Feide.

Med helsing



Bård Vegar Solhjell